

## **Velkomne til KURS I GJURDING!**



*Ikkje alle lagga kjerald og kanner er i like bra stand som desse. Kanskje har du nokon som er i ferd med å falla frå kvarandre? Eller endå verre; at stavane ligg frå kvarandre? At dei har falt i stavar....*

*Uansett, no skal det bli mogleg å få satt dei i stand!*

*I vår handverks - kursrekke er me no kome fram til KURS I GJURDING AV LAGGA KJERALD. Kurset tek til laurdag 3.mai kl 09.00 på Valdres Folkemuseum.*

*Til å læra oss dette har me vore heldig å få med Nils K Dokken. Han har i fleire år drive med slikt arbeid, og også for ein del år sidan var han med oss på eit slikt kurs. Interesse var den gong svært stor, noko me reknar med vil vera tilfelle denne gongen også. Så her gjeld det å melda seg på i tide!*

*Arrangørar er Valdresmusea, Verne Vøla og Valdres Natur og Kulturpark. Om du er medlem i Verne Vøla eller har årskort for Valdresmusea kostar det deg kr 1200,- å vera med, for andre kr. 1400,-.*

*Det er rabatt på alle kursa våre, så også slik får du glede av å vera medlem/ha årskort, i tillegg til alle andre fordelar!*

*For meir opplysningar og påmelding, kontakt Valdresmusea ved Odd Arne Rudi.*

